




HELsing FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



FOTO: ANNE KRISTINE GEITHUS



ÅRGANG 69



NR. 02 JUNI 2016



god sommar

Gripekors



Konfirmantane fekk på samtale-gudstenesta kvar sin gripe-kors.

Denne kan ein ha med seg overalt ; i lomma, penalhuset, veska, ved datamaskina eller på nattbordet.

Den skal minne oss om kor høgt Gud elsker oss og kva Jesus har gjort for oss.

« Jamvel når du seier at du ikkje ser han, ser han di sak – og du må venta på han.»

Job 35.14

*Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.
Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.*

*Når min veg går gjennom tette skodda
nær ved bratte stup og djupe vatn,
då er du nær meg på alle sider,
ja, du leier gjennom vatn.*

*Når mi tru er svak og motet sviktar,
og eg kjenner kalde redsle-vindar,
då veit eg trass alt at du er nær meg.
Du har lova vere med kvar ein dag.*

*Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.
Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.*

T: Arne Höglund , etter Salme 139,5
Norsk Samlebok nr. 498.

KONFIRMASJON



FEIOS KYRKJE

7.MAI

Steven Townsend,
Ingvild Berge
Feidje,
Håvard Feidje.

VANGSNES KYRKJE 8.MAI

Synnve Espeland,
Marc André Fedje,
Sunniva Lunde
Fjærestad





FRESVIK KYRKJE 15. MAI

Andrea Høydal Breli,
Amalie Xia Bøtun
Ole Agnar Helleland



ARNAFJORD KYRKJE 22.MAI

Tiril Hagen Otterskred,
Joakim Kjelven Hauglum



VIK KYRKJE 15.MAI

Framme frå v.: Johanne Brudevoll , Anna Mahima Kløve, Ingrid Fu Yue Kleven, sokneprest Jostein Skutlaberg, Emma Riiber Klarholm, Ingrid Johanne Ness Salbu.

2. rekkje frå v.: Sahil Vikøren, Idar Andre Tenold-Saglien

3. rekkje frå v.: Karoline Blix Tryti, Festus Kwizera, Morten Seim Fjærestad, Jun Hillestad Jacobsen,

4 .rekkje frå v.: Adrian Tistel, Tord Vikøren Vikestad, Sivert Fosse, Even André Gissinger,

Bak frå v.: Andreas Lunde Tenold, Morgan Hillestad Jacobsen, Erlend Fjærestad Aase.

Til lukke med ordinasjonen, Anders!!

Det er alltid moro for gamlelæraren å møta tidlegare elevar. Det er mange interessante vegar å fylgja med på! Oftast er det fine og travle møter på Øyri, men 19. juni fann møtet stad i kyrkja vår i Vik. Anders Hove – 1.klassing i 1996 – vart ordinert til prest, 40 år etter ordinasjonen av far Olav Martin.

I mellomtida har vi hatt ein ordinasjon på Vangsnes, Frode Skeie i 1998.

(Han har for øvrig gledd meg med å fortelja at han har brukt blokkfløyta si i vaksen alder!)

Som alle tidlegare elevar eg møter veit, gløymer eg mykje frå eit møte til neste. Men no har eg gjort lekse mi og samla saman det eg har fått med meg og deler det her, sjøl om mange av dykk møtte han ved ordinasjonsgudstenesta. Anders sjølv fekk ikkje lesa korrektur.

Dei unge får ofte spørsmål om foreldra har bestemt yrkesvalet dersom dei gjer same valet som foreldra. Anders har etter det eg har skjønt, teke sitt eige val. Arbeid i KFUK/KFUM gjennom

mange år har vore til inspirasjon, og som nest minstemann i barneflokken har han hatt mange å lære av, ikkje minst storebror Lars Magne.

I 1996 opplevde eg Anders og tvillingbror Kristoffer som den tidas Marcus og Martinus – NB!! som dei var i starten på si karriere. Det er fleire enn eg som hugsar full innleving i Barnekoret og på foreldrefest. Ikkje rart at dei hamna på musikklinja på Sandane og i Ten Sing Norway, og kanskje kunne vi ha gratulert dei med scenedebut i dag viss dei hadde valt den vegen.

Men showmannen Anders såg vi att då han tok initiativ til «Våkenatt for Bibelen» da den nye bibelutgåva kom, og han hadde rolla som Jesus. Han meinte at når ungdomar kunne ha ei våkenatt for å få tak i ferskaste utgåve av Harry Potter, burde Bibelen få minst like mykje merksemd! I det heile veit han å nytta media; det kjem godt med i det yrket han har valt!

I studietida har han ikkje uventa engasjert seg politisk og



vore med i studentutvalet på MF, og han har vore redaktør av tidsskriftet «Ung Teologi»

Slik eg har erfart har Anders mange kvalitetar som kan hjelpa han i det daglege arbeidet som

prest, men eg stussa litt då eg hørde at han og Kristoffer hadde kjøpt seg kvar si motorsag då dei byrja i løna arbeid. Men då eg skjøna at dei skulle nyttast til å setja istand ein kristen leirstad, tenkte eg at her var det eit talent frå oppveksten som også kan koma til nytte.

Dessverre har kirkje Anders eller Kristoffer synt overdriven respekt for gamlelæraren; eg har ofte vorte utsett for humoren deira. Då Anders og eg hadde andakt saman på VBS i fjor sommar, fortalde eg med stor stoltheit at det var eg som hadde lært presten å lesa. Då kom det frå Anders: «Du kan no få lov til å tru det!»

Vegen vidare går til Nore og Uvdal. Der har han fått eit års vikariat som kyrkjelydsprest, og skal arbeida saman med soknepresten.

I neste utgåve av kyrkjelydsbladet får de lesa om ordinasjonsdagen og masteroppgåva hans som har tittelen «Meir enn eit syndig menneske» – «Syndsforståingas betydning for forståinga av mennesket som skapt i Guds bilete og vår tale om det»

SN

Feios kyrkje 150 år

Feios kyrkje fyller 150 år i 2016, og i høve jubileet blir det gjeve ut ei bok redigert og forfatta av Jan Magne Rinde. Boka kjem ut i løpet av sommaren. Det vert og ei utstilling av kyrkjekunst i kyrkja. Feios skule har og gjort mykje arbeid i forbindelse med kyrkje jubileet.

Jubileumsgudstenesta er den 28.august kl.11.00

med festsamvær i ungdomshuset etterpå og det er ope for alle! Gudstenesta blir norsk/ amerikansk sidan det kjem ein katolsk prest frå Amerika som ættar frå Feios som vil ha litt innslag i gudstenesta, og song frå Feios skule og andre feioser. Me har invitert prestar og andre medarbeidarar som har hatt teneste i kyrkja vår dei siste åra. Dette blir ei flott gudstenesta med fleire lokale og andre aktørar. Så me håpar mange tek turen til kyrkje denne dagen!!

Det vert og ein **jubileumskonsert laurdag 29.oktober kl.18.00** i kyrkja vår. Konserten er i regi av Jens Brekke og Beth Anita Ramfjord. Dette er ein konsert med feioser “unge og eldre” og mange andre spennande aktørar som kjem og deltek. Dette vil bli ein flott og magisk konsert med musikk i øyro lenge etter du er komen heim!

Det vert teke inngangspengar som skal gå til bokprosjektet/ jubileumsgudstenesta, utgifter som me får til dette og eventuelt overskot vil gå til kyrkja, og anna kulturelt formål til bygda vår. Meir kunngjeringar om konserten kjem når tida nærmar seg!

Så SET av desse datoane folkens og bli med og feira denne flotte kyrkja vår!!

Mvh.

150- års jubileumsnemnda Feios kyrkje 2016.



Visitaforedrag i Vik 6. mars 2016

Kjære kyrkjelyd!
Takk for flotte dagar her i Vik! Det er ei fantastisk vakker bygd. Og det handlar ikkje berre om naturen. Her har forfedrene dykkar bygd dei vakraste kyrkjer. Og generasjonane før oss har feira gudsteneste og forkynt den gode budskapet her i sokna, i alle fall sidan elleve-hundretallet. Det er ein rik arv. Noko av det beste med folkekyrkja i Sogn og Fjordane er den kjærleiken ein har til kyrkja. Denne arven er det som må førast vidare til neste generasjon. Denne kjærleiken til kyrkja har eg fått oppleve her i Vik. Eg har vore i alle kyrkjene, har sett dei historiske skattane, og har fått mange gode samtalar om korleis vi skal gje arven vidare. Så har eg møtt levande bygder gjennom møte med sokneråd, idrettslag, elevar og lærarar, næringsliv, kommune, fengsel og skisenter. Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i eit visitaforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Kjetil Netland.

Soknestruktur

Noko av det eg ikkje

har kontroll over på visitasar er utspørjingar, både av ungdomsskuleelevar og av journalistar. Ein veit aldri kor det endar. Ungdomsskuleelevane på spørjetimen spurde meg om islam, homofili og abort, og om eg likar gamalost. Journalisten frå NRK Sogn og Fjordane spurde om konsekvensar for kyrkja av kommunesamanslåing. Ut frå overskrifta på NRK såg det ut som eg ville gå inn for samanslåing av sokn og sentralisering av gudstenester. Det kan vere aktuelt dei stadene der ein ikkje klarar å stilla sokneråd og der folk ikkje kjem til kyrkje. Men slik er det jo ikkje i Vik! Her er både aktive sokneråd og ofte ein god oppmøteprosent, sjølv om den gjerne kan bli betre. Men den var særst god i Arnafjord der eg var på gudsteneste med skulen, og ein tredjedel av bygda var samla! Kyrkjer som er i bruk og samlar folk vert ikkje sentralisert.

Gudsteneste

Det skal fortsatt vera fem sokn og fem soknekyrkjer her i Vik. Men det er viktig at de ser på de sjølv som eitt fellesskap og ikkje fem. Når det berre er



gudsteneste ein gong i månaden der ein bur, er det viktig at ein også kan delta i gudstenestefellesskapet ein annan stad. Og det er jo heller ikkje slik at de aldri går til andre gudstenester. Når det er gudstenester med trusopplæring er det ofte fleire sokn i lag, då høyrer eg at de sluttar opp sjølv om det ikkje er i eige sokn. Og på onsdag kveld var det flott å vera med i Vangsnes kyrkje på felles kveldsbøn der representantar for alle sokneråda

var med å lesa bøner. Dette fellesskapet må de halda fast på og gjera felles deltaking til ein vane.

Å feira gudsteneste er å gje Gud ære og det er det viktigaste kyrkja gjer. Det har kristne gjort her i desse bygdene i hundrevis av år før dagens kyrkjer vart bygde. Gudstenesta må vera navet, sentrum, i kyrkjelyden, der vi møter Kristus og får tar imot Guds nåde i ord og sakrament. I gudstenesta får vi styrke for vår tru, mat for sjela og hentar kraft og inspirasjon til kvardagen. Vi får kort og godt det vi høyrde om i preika: Jesus, livsens brød. Difor treng vi søndagen som gudstenestedag, også når det ikkje foregår i eige sokn. Då aukar vi Guds ære og vert velsigna sjølv.

Barne- og ungdomsarbeid

Når det gjeld barne- og ungdomsarbeidet vil eg takka dei som har stått på i mange år. De gjer ein utruleg viktig jobb med å gje den kristne arven vidare. Her er det søndags- og kvardagsskule i alle sokn og det har vore føremiddagstreff i 25 år for foreldre med små born. Dette er gledeleg. Det er svært god oppslutnad om konfirmas-

jonen i Vik, og eg vil takka soknepresten og kyrkjelydssekretær Kirsti for det gode arbeidet de gjer med konfirmantane. Dette er ein hovedgrunn til at så mange kjem til konfirmasjon kvart år. Det var fint å sjå korleis tre konfirmantar medverka i gudstenesta i dag som ministrantar.

Dei flotte konfirman- tane våre må me ta vare på, og det viser seg at året etter konfirmasjonen er ein kritisk fase. Då er eg glad for at sokneråda i Fresvik og Feios har ungdomsklubb som også omfatter 10. klasse. Det vil eg verkeleg gje dykk blomster for. Det er kjempebra, de gjer ein god jobb for ungdomen og bygda, så stå på. Ei særleg utfordring her i Vik er at alle må reisa vekk for å gå på vidaregåande. Spørsmålet er korleis kan ein halda kontakten med dei likevel? Kanskje eit ungdomstreff på fredagen kunne vera noko å satsa på? Men då trengs det nokon som vil gjera ein innsats for ungdomane. Eg vil gjerne gje dykk utfordringa.

Trusopplæringa

Det vert drive eit godt trusopplæringsarbeid, og eg vil særleg gje ros for Minikonfirman-

tane. Det er noko som ikkje finst alle stader og her har det jo nesten full oppslutning. Eg trur ikkje det er nokon som slår Vik på minikonfirmanter, så dette må de vera stolte over og dette må de ta vare på.

Det er ein usedvanleg høg dåpsprosent i Vik, ofte over hundre prosent, og konfirmasjonsprosenten er like etter, over nitti. Det er viktig å gleda seg over dette, men det er og viktig å ikkje slå seg til ro med dette. På landsplan er tendensen synkande og den tendensen kjem også hit. Nettopp difor er trusopplæringa viktig. Men trusopplæringsstillinga er på 25% og det er i minste laget, så det trengs uløna medarbeidarar i tillegg. Men uansett hadde de nådd lenger med ei større stilling i trusopplæringa.

Gjevarteneste

De er gode på dugnad her i sokna. Eg er imponert over kor mykje de får gjort, og det står respekt av innsatsen når til dømes Arnafjord kyrkje vart måla på dugnad. Og det er mange andre eksempel på dugnadsanda her. Det er tydeleg at folk veit at skal noko skje, så må ein ta ansvar og gjera sin innsats i soknerådet til liks med andre lag og organi-

sasjonar. Det er ei haldning som er ein rikdom for bygdene. De er flinke til å gje pengar når det trengs. 1,3 millionar var samla inn til kyrkjestova, og det er nokre år sidan. Men dersom ein skal få meir til drift, til dømes ein større trusopplærings-stilling, så treng ein regelmessige bidrag i form av ei fast gjevarteneste. Vi får ikkje alt vi treng av stat og kommune. Dei fleste kyrkjene i verda lever av det medlemmane gjev. Og eg trur at mange vil vera villege til å vera med når dei ser nytten av det. Til dømes foreldre som ser at eit godt trusopplæringstilbod eller barnarbeid er til gagn for borna deira. Dette er lett å få til med nettbank, og eg vil utfordra sokna til å få det på plass. For mange vil det ikkje merkast om det går ut pengar frå kontoen kvar månad. Det må løftast fram i forkynninga, både gjevarglede og det at eit regelmessig bidrag er ein viktig del av det å høyre til i kyrkja si.

Misjon

No har eg sett klokka i Hove-kyrkja som har vore på Madagaskar og tilbake. Det er ei flott historie, og eg forstår godt at Vik har vald å ha ein misjonsavtale med NMS på

Madagaskar. Men dei andre sokna har ingen avtale. Det bør dei ha. Eg vil foreslå at de går saman med Vik og har ein felles avtale dersom de ikkje har eit anna prosjekt sjølv som de vil satsa på. Det er mange fordeler med ein felles avtale og felles misjonsengasjement, for de er jo eit fellesskap sjølv om de er mange sokn.

Fellesskap

Eg vil også foreslå at de planlegg meir i fellesskap, då får ein samstundes ein møteplan som ikkje er for krevjande for presten. Møtet med alle sokneråda på torsdag viste at ein vil ha nytte av det. Her vart det drøfta kreative idear som å ha ei «Kyrkjeveke» på omgang i sokna. Då kunne ein der ein konsentrerte innsatsen og leggja til dømes trusopplæring, konsertar og andre samlingar for born og vaksne i den veka til glede for alle. Den ideen synes eg er verdt å gå vidare på. Kanskje ein kan starta med jubileet i Feios?

Diakoni

Det er mange som er lei seg for at diakonstillinga forsvann. Det er eg og, for det trengs diakonar i Sogn og Fjordane. Men den statlege løyvinga er gått til

ein annan kyrkelyd. Det betyr likevel ikkje at diakonien forsvinn. Det er bra at de har eit diakoniutval, no gjeld det å få utvalet i gang. Når ein skal laga diakoniplan er det viktig at tar omsyn til at det ikkje er diakon lenger og at planen er realistisk og kan gjennomførast.

Kyrkjemusikk

Når det gjeld kyrkjemusikken vil eg seia: kor bra! Det var flott å høyra «Korbrrra» og prosjektkoret i dag. Organistane skal ha skryt for at dei er med å løfta gudstenester og kan æra Gud og gleda folk med konsertar, musikkandaktar og samarbeidet med resten av musikklivet i bygdene.

Til kommunen

Til kommunen vil eg seia takk for velvilje og for at de ser kyrkja. Det er gledeleg at kommunen er på veg ut av ein økonomisk bølgedal og at kyrka igjen kan få sårt tiltrengte midlar til vedlikehald. Så vonar vi at bølga held fram slik at det vert midlar til det viktige arbeidet for diakoni og barn og unge.

Takk

Til slutt vil eg seia takk for ein god visi-

Framhald side 12

Medarbeidar-
fest Vangsnes:
Jon og Mari
spela.

Ragnar las
dikt



Bordseta –
rømmegraut
og spekemat
var populær
meny



Skule- og
familieguds-
teneste -
Arna fjord:
Elevane deltok
ivrig i guds-
tenesta leia av
prest Ole
Agnar
Helland.



10

KorBrra – leia
av Rut Solveig
N. Netland og
Turid Brekke
- opna visitas-
gudstenesta
med sin fan-
tastiske song.



Fellesrådsleiar Ingunn
Bjørk Refsdal takka bisko-
pen og overrekte gáve frá
kyrkjelydane; eit fenalár frá
Víkja !



På kyrkjelunsjen vart det servert suppe og marsipankake & kaffi.



Vegard og biskop fann den gode tonen – begge Arsenal-tilhengjarar.

Elevane hadde interessante spørsmål og biskopen gode svar.

Her ser vi kyrkjefagsjef Olav Skjæveland, Vilde Andersen, biskop Halvor Nordhaug og Marius Lunde Tenold.



Familie- og skulegudsteneste i Feios:

Over: Skule-elevane hadde danna eit flott kor, som imponerte med frisk fin song.

Over t.v.: Jubileumsnemnda for Feios kyrkje 150 år overrekte ei julekule med Feios kyrkje som motiv i gåve til biskopen.



Vik fengsel fekk også besøk

Fresvik bygdeheim
Etter omvising i Fresvik kyrkje var det andakt på Fresvik bygdeheim.

Møte med
kommune-
leiinga:

Det var mange
viktige møte
- kanskje
viktigast møtet
torsdag kveld
med sokne-
råda.

Dette møtet
var vi nok
så opptekne
av innhaldet
i – at fotoap-
paratet låg
ubrukt....

Framhald frå side 9

tas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, rådsleiarane, kyrkjeverje, kyrkjelydssekretær og alle som har vore med å skrive visitasmeldinga, den er god og innhaldsrik. Takkk til staben for god tilrettelegging. Og takkk for heilhjarta innsats som de legg ned i dykkar teneste gjennom året. Det same vil eg også seie til soknerådsmedlemene og alle dei andre frivillige medarbeidarane!

Eg vil også rette ein varm takkk til fengselsprest Olav Martin for tenesta han gjer i fengselet her i Vik. Det er viktig for kyrkja å ha ein prest i fengselet, og vi må fortsatt halde oppe ei presteneste her.

Takkk også til prost Kjetil som har vore med å legga til rette og planlegge denne visitasen og sørga for at eg fekk prøva meg på skiskyting! Han har



vore med heile vegen og er biskopens utstrakte arm til Vik når biskopen ikkje er her. Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære. Og hugs av og til å gå også til andre kyrkjer enn den som ligg nærast.
- Det bør vera misjonsavtale i alle fem sokn
- Vis at de er eitt fellesskap og kom saman til felles planlegging og tiltak.
- De må få i gang ei gjevarteneste, og

forkynna fram gjevargleda så ein kan få litt meir midlar til trosopplæringsstillinga.

- Gje forslaget om kyrkjeveke ein sjanse, og begynn gjerne med kyrkjejubileet i Feios.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Vik med mange flotte inntrykk. Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds velsigning over Vik, Arnafjord, Vangnes, Feios og Fresvik sokn så mange kan få oppleve at dei høyrer til i kyrkja og oppleve gleda over å ha ei kyrkje i bygda og ein god bodskap til alle.

Bjørgvin bispestol,
6. mars 2016

Halvor Nordhaug

12

KorBrrra og
biskop song
oss inn til
kyrkjelunsjen





Fresvik 27. april 2016: På sporet av Jesus

Ungdomsklubbane i Feios og Fresvik hadde avslutning i Fresvik denne kvelden.

20 ungdomar frå begge bygdene, 6 ungdomar frå Sygna saman med 10 vaksne var samla til

- lystenning med bøn i Fresvik kyrkje,
- is på vegen til skulen,
- drama og sporløp: På sporet av Jesus,
- god grillmat
- dødball, fotball og sheriff m.m.

På postane i sporløpet møtte dei ein gjetar, mor Maria, Sakkeus, Peter, Pontius Pilatus og Maria Magdalena. Alle personane frå Bibelen fortalde om kva dei hadde opplevd i møtet med Jesus. Ein svært triveleg avslutning.

RSN



Formiddagstreffet på Kyrkjestova - 25 og eit halvt - lever og bobler!!

Når
Formiddagstreffet
jubilerer, syter vi for
å få invitasjon, men
vi har med pakkar!



Etter det vi har forstått var samtale omkring Barne- og ungdomsarbeid ein viktig del av bispevisitasen. Biskopen fekk ikkje vera med på Formiddagstreff, men han fekk rikeleg med omtale av både Formiddagstreffet og det andre arbeidet som vert drive i soknene i Vik, og det gjorde han godt!

Vi veit at Ungdomsklubben i Feios har ei lang historie, men no kjem Formiddagstreffet etter!

Ved 10-årsjubileet spurde vi «Kor mange i vår moderne tid glødar for nøyaktig same tiltaket året rundt i 10 år?» Svaret vi fekk då var Anna Røyrvik, Kirsti og småbarnsforeldre i Vik.

Som de ser glødar Kirsti framleis etter nye 15 år; no saman med Inger Anne Tryti. Underteikna fekk høve til å gå gjennom det som er skrive i desse 25 åra. Barne-og ungdomsutvalet som var med i oppstarten : Kari Haga, Oddvin Rinde og Dagmar Vikøren Vevle. Ein fann gode friviljuge medhjelparar.

Kommune og bank ga økonomisk støtte i startfasen.

Og ivrige småbarnsforeldre har vi fortsatt! Berre sjå på bileta her!



Mange av dei kjenner Kirsti og kyrkjelydsarbeidet frå barne- og ungdomsarbeidet då dei sjøve var i målgruppa. Vi tek det som eit teikn på tillit at dei no tek med eigne born. Og Formiddagstreffet er for alle, ingen spør etter livssyn, livsstil eller religion. Og tru det eller ei, det vert tid til den gode samtalen innimellom.

Det fanst også deltakarlistar – på førenamn – , og dei fleste samlingane har hatt i overkant av 30 deltakarar (barn og vaksne) frå og med aller første samling. Det er litt færre no, men så er vi også færre busette og vi har god barnehagedekning.



Og i Vik held vi fram med å støtta Formiddagstreffet; det hender at kyrkjetilsette og pensjonistar er innom – ikkje minst p.g.a. vaflane . Inger Anne har fått tilnamnet «fru Vaffelhjerte».

Og så må vi ha med at eit av dei første namna – Anders – finn de att i eigen omtale i bladet.

Vi tenkjer at ein stor del av grunnlaget var lagt på Formiddagstreffet!



Leiaren av Vik kyrkjelege fellesråd; Ingunn Bjørk Refsdal, var den som fekk takka Kirsti for trufast og god tenest; godt bifalt av prest Jostein, prest Ole Agnar, kyrkjeverje Ingvar og kyrkjetenar Nils.

ˆSN Alle foto: NK

KYRKJERINGEN

Kvar andre onsdag i månaden kl 14.30 er vi ein del damer i alderen 67 + som samlast på møterommet i Kyrkjestova. Nokre av deltakarane har vore med heilt frå oppstarten med diakon Borghild.

No ser vi at det er nokre ledige plassar rundt bordet, og vi tenkjer at det kan vera triveleg med nye ansikt – og nye tankar.

Vi deler arbeidet mellom oss.

Nokon syter for kaffimat og servering, nokon spelar til sangane, nokon held orden på loddsalet og nokon køyrer dei som treng skyss. Underteikna innleier til samtale rundt eit andaktsord, og eg får god hjelp til å finna høvelege songar. Alle bidreg til den gode samtalen som startar med andaktsordet og går vidare inn i saker vi er opptekne av.

Vi har med kvar sin enkle gevinst til loddsalet som vi har merka «Diakonalt arbeid i Vik». Vi har førebels ikkje nytta midlane vi har fått inn dei siste to åra, så no har vi ein liten sum, og drøfter fortløpande gode formål. No har Kyrkjeringen sommarferie. Vi startar opp att 14. september. Åsa Liv Tenold har invitert oss med på stølssamling den dagen. Det kan høva bra å få med nye medlemmer på tur, og vi skal syta for ordentleg skyss og ei støttande hand, om nokon treng det. Vel møtt!

Sylvi Nummedal
Tlf. 469 28 613

PRESENTASJON SOMMARVIKAR PREST

Eg heiter Lars Lauvvik Ørland og skal vere prest i Vik i sommar. Eg er 24 år og kjem frå Sola utanfor Stavanger. Nå studerer eg teologi på menighetsfakultetet i Oslo og eg har berre eitt år att før eg er ferdig prest. I fjor hadde eg eit utveks-

lingsår til California. Det var spanande og annleis. Eg har allereie arbeidd som prestevikar ein sommar i Orkanger. Elles har eg arbeidd tre juleferiar, som plattformprest i Nordsjøen. Når eg ikkje er på skulen er eg engasjert i Storsalen, Normisjon sin menighet, i Oslo. Ungdomsarbeid, med bla. leir- og festivalarbeid og arbeid med konsertar, er noko eg har jobba ekstra med. Når det gjeld kyrkja er eg oppteken av at alle som ynskjer det skal finne sin plass i kyrkjelyden og at alle kan noko dei kan bidra med, inn i felleskapet .

Eg er glad i friluftslivet året rundt og gler meg til å prøve fjella og fjorden dykkar. Om nokon vil ta meg med ut på fjorden, stillar eg gjerne opp! Eg gler meg til å verte litt kjent med dykk både når me feirar gudstenestar saman og elles i veka på butikken, bryggekannten eller ved andre høve. Vikariatet mitt er frå 27. juni - 7. august. Å komme til vakre Vik, er noko eg ser fram til.

Med vennleg helsing
Lars Lauvvik Ørland.



Døyppte:

Feios:

07.05.16. Ingvild Vangsnes
Borlaug

Døde:

Vik:

16.02.16 Sigurd Michael
Holstad f.1928
27.02.16 Magnhild
Fjellanger f.1958
21.03.16 Lars Sandvoll
f. 1926
05.04.16 Anna Refsdal
Tenold f. 1932
11.04.16 Sønneva
Fjærestad f. 1929
25.04.16 Ola O.
Stadheim f. 1931
28.04.16 Olga Torhild
Brekke f. 1928
11.05.16 Anna Wold
Risløw f. 1925
14.05.16 Eli Skjerven
f. 1922
18.05.16 Anders
Helleland f. 1992

Arnafjord:

18.05.16 Anna Lee f. 1922
21.05.16 Klara
Otterskred f.1926

Meldingar:

VIK HELSELAG

Vil få takka alle som støtta basaren i Kyrkjestova laurdag 12.mars. Hjarteleg takk for fine gevinstar, takk til alle som støtta laget med kjøp av loddar.

Takk for all god hjelp basardagen og takk for god mat!

Takk til Agnes for god leiing!

Bruttoinntekta vart kr. 50.000.- - eit kjempeflott resultat!

Marit Pettersen

GÅVE TIL KYRKJESTOVA.

Vi takkar hjarteleg for kr. 15.000 i gåve frå Vik Helselag!

Det gamle kjøleskapet vårt fungerte ikkje, og når vi måtte

investere i eit nytt – er vi svært glade for dette bidraget.

No har vi fått eit kjøleskap med dobbelt så stor kapasitet.

Fryseskapet er plassert på lagerrom.

FASTEAKSJONEN 2016

- I kriser er vann kritisk -

Også i år gjorde konfirmantar/ ungdomsklubb, foreldre og

soknerådsmedlemer ein stor innsats ved gjennomføring av fasteaskjonen.

KIRKENS NØDHJELP har fått fylgjande:

Fresvik sokn	kr. 3.687.-
Feios sokn	kr. 4.343.-
Arnafjord sokn	kr. 3.225.-
Vangsnes sokn	kr. 6.609.-
Vik sokn	kr. 23.145.-
Sum:	kr. 41.009.-

Takk til alle gjevarar, bøsseberarar og sjåførar!

På grunn av vår innsats har ca 200 menneske fått livsviktig reint vatn.

Kirsti Jelle Hopperstad

Kontakt Kirkens Nødhjelp

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes
epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 415 91 913
bustad 57 69 75 36
mobil 901 11 530

KONTORTID

tysdag - fredag
kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest

Jostein Skutlaberg
epost: jostein.skutlaberg@vik.kommune.no

kontor 977 72 681
mobil 404 66 937

Seniorprest Ole Agnar Helland
e-post: ole.agnar.helland@vik.kommune.no

mobil 984 16 333

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Netland
epost: klped@balestrand.kyrkja.no

mobil 906 32 698

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad
epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

onsdag og torsdag
kl. 10.00 – 15.00

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo
Ragnar Hove

mobil 941 71 504
mobil 404 17 088

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organistar

Lars Einar Bakketeig
epost: las1@hotmail.no
Inger Marit Hove
epost: inger.marit.hove@vik.kommune.no

mobil 995 34 138
bustad 57 67 83 34
mobil 915 27 569
bustad 57 69 59 59

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik:	Reidunn Bolstad,	905 33 581
Arnafjord:	Camilla Zweidorff Hove,	957 39 867
Vangsnes:	Erlend Hanekam,	416 34 981
Feios:	Rune Hjortland,	957 66 551
Fresvik:	Anita Høydal,	975 37 879

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ingunn Bjørk Refsdal

tlf. 971 86 721

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

Prestane sin beredskapstelefon 954 83 374 (utanom kvardagar kl.08-17)

VELKOMMEN TIL KYRKJE

23.juni, torsdag Matt 16,13-20	kl.18.00	Hopperstad stavkyrkje Jonsokmesse v/ J. Skutlaberg
26.juni, Aposteldagen Apg. 9,1-19	kl.11.00	Vangsnes Friluftsgudsten. i Fridtjov-parken v/ J. Skutlaberg Nattverd Offer Dersom det blir dårleg ver, blir gudstenesta i Vangsnes kyrkje
3.juli, 7.s.i treeining Mark 5,25-34	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ vikar Lars Lauvik Ørland Nattverd Offer Inga gudsteneste i Vik
10.juli, 8.s.i treeining Mark 12,28-34		
17.juli, 9 s.i treeining Luk 6,36-42	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ vikar Lars Lauvik Ørland Dåp Offer
24.juli, 10.s.i treeining Ef 4,29-32	kl.17.00	Arnafjordkyrkje Gudsteneste v/ vikar Lars Lauvik Ørland Offer
29.juli, fredag Luk 22,24-27	kl.18.00	Hove kyrkje Olsokmesse v/ vikar Lars Lauvik Ørland Dåp
31.juli, 11.s.i treeining Joh 8,31-36	kl.19.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ vikar Lars Lauvik Ørland
7.aug., 12.s.i treeining Joh 4,27-30,39-43	kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ vikar Lars Lauvik Ørland
14.aug., 13.s.i.treeining Joh 15,13-17	kl.12.00	Målsete - Vikafj.stemna Gudsteneste v/ J.O. Thaule
21.aug., Vingårdssøndag Matt 19,27-30	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane Offer Utdeling av 6-års bok.
	kl.19.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane Offer Tårnagentar
28.aug., 15.s.i.treeining Joh 15,9-12	kl.11.00	Feios kyrkje 150 år Jubileumsgudsteneste v/J. Skutlaberg m.fl. Offer. Festsamvær i Feios Ungdomshus

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

4.sept., 16.s.i treeining Matt 11,16-19	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane Offer
11.sept., 17.s.i.treeining Mark 5,35-43	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg 4- og 6-års bok Offer
18.sept., 18.s.i treeining Sal 38,10-16	kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane Offer. Dåp.
	kl.16.00	Vik kyrkje Familiegudsteneste v/ J. Skutlaberg 4-årsbok Offer
25.sept., 19.s.i treeining Luk 9,57-62	kl. 11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Presentasjon av konfirmantane Offer
2.okt., 20 s.i treeining Matt 18,1-11	kl.11.00	Vik kyrkje Familiegudsteneste v/ J. Skutlaberg Tårnagentar Offer
9.okt., 21.s.i treeining Luk 12,13-21	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Ole Agnar Helland
16.okt., 22.s.i treeining Luk 10,25-37	kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg
	Kl.18.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring 482 27 500 seinast ein time før gudstenesta
 eller Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
Feios: Ring leiar Rune Hjortland 957 66 551
Fresvik: Ring Nann Ingunn Simlenes 415 70 815
Arnafjord: Ring leiar Camilla Zweidorff Hove 957 39 867